

Kyrkjeblad

for Vestre Slidre



Konfirmanter Vestre Slidre 2019

- 1.rekke (foran fra venstre): Thea Kjøs, Randi Marie Strømmen, prest Ola Døhl, Thea Solberg, Vilde Skaran Tveit
2.rekke: Tuva Sundheim, Therese Hålien
3.rekke: Silje Fjellvang Kristiansen, Kaisa Eilin Kristiansen, Isabel Hjelle-Lahaug, Hannah Helle Hofseth
4.rekke: Anders Sørensen, Even Dalbø, Gudmund André Garvik, Alexander Kiock Juul De Sarrazin
5.rekke: Lars Holten Riste, Ture Follinglo-Haugrud



På andaktens plass deler vi i dette nummeret en tekst av Karsten Isachsen (1944-2016) frå boka «Slitesterk Livsstil» (1994). Isachsen var ein kjend norsk prest, forfattar og foredragsholder.

Drøm gode drømmer!

I dalen der jeg bor står en vakker kirke, bygget i naturstein og med stavkirketak.

Skurdalskyrkja ble vigslet i september 1969. Den ble ikke bygget ferdig det året først og fremst fordi de hadde arkitekt, byggekomitè, penger og bygningfolk.

Den står der i dag i sin enkle prakt fordi noen mennesker en gang hadde en drøm.

Ja, langt tilbake i tid hadde noen mennesker den drøm at Skurdalen skulle bli en kirkebygd. De holdt fast på sine drømmer, begynte å snakke om dem, dele dem med hverandre: Enn om vi bygde en kirke her i dalen? Enn om vi fant en riktig vakker og velegnet tomt? Enn om vi slo oss sammen og tok et godt initiativ?

Drømmene ble ikke fortrent slik drømmer ofte blir. De fødte etterhvert ønsker: «Ja, en kirke, det er hva vi ønsker!» Ønsker føder vilje, vilje føder avgjørelse. Det ble tatt bestemmelser og gjort håndfaste ting i kommunestyre, menighetsråd og byggekomitè. Og ut fra avgjørelsen fødtes utførelsen.

Og en septemberdag, mens vindene fra vidda strøk flagget ut mot en høsthimmel over myr og fjell og hei, kom Tunsbergbispen Dagfinn Hauge og hans følge til bygda og det ble holdt kirkevigsling.

Alt sammen fordi noen en gang hadde drømt gode drømmer.

Du som lever sammen med et annet menneske, vet hva jeg snakker om. En dag ble alt forandret fordi et nytt ansikt hadde dukket opp i ditt liv! Hvor du enn var, så var ansiktet der også. Du så av og til ikke dine egentlige omgivelser tydelig nok, du så den elskedes ansikt bare, dine øyne knelte ved synet. Kort og enkelt: Du var forelsket.

Drømmene ble til ønsker, ønsker om å bli kjent, ønsker om nærhet og godhet, ønsker om å være sammen. Ønskene fødte vilje: Du gjorde noe med dette. For du var tent, som aldri før, og du var villig til å trosse hindringer. Det ble truffet avgjørelser, frieri het det i gamle dager. Og ut av denne avgjørelse vokste det en utførelse: Det ble svart toastemt «ja» foran vigselmannen og dere begynte å være glade.

Drøm, ønske, vilje, avgjørelse, utførelse.
Det er det gode livs rytme.

Derfor: begynn å drømme gode drømmer!

Slutt med å si: «Jeg er sånn jeg.» Eller: «Det er umulig å forandre på noe i seg selv.» Eller: «Det gikk som jeg trodde, det gikk ikke.» Da velger du hele veien å fastholde fastlåstheten. Du har en annen valgmulighet. Den er ikke uten en viss risiko. Men hvis du har tilpasset deg et dårlig liv, burde du være villig til å ta en risk eller to!

Drøm gode drømmer om kjærlighet. Drøm om en ny vår, med aprilfølelser. Drøm om følelser som våkner igjen, drøm om en fin reise, drøm om morsomme begivenheter, drøm om en ny nærhet og respekt.

Drøm gode drømmer om ditt arbeid, om din familie, om dine venner.

Livet er for kort til å leves gråkledt.

Fyll deg selv og dine dager med farger, med myke pasteller eller med gnistrende rødt og grønt!

Når vinteren har drømt seg ferdig, skaper den våren: Så varm som en gul hestehov i en bekkeskrent, så kornblå av god makt som en båveisstengel som myk og bestemt krenger seg opp gjennom snø og is.

Drøm gode drømmer!

Naturen må ha gjort det i lange, hvite vintermånedder.

Også historien gjør det: « - og den saganatt som senker drømmer på vår jord.»

I 5 krigsår eide mennesker en drøm i mørket. Mai 1945 ble en dobbel vår, frihetsdrømmen ble sann.

Iblant tror jeg Vårherre selv må ha drømt. Han begynte å drømme en god drøm. Noe om et univers, om solsystemer og årstider og kloder og liv.

Ble drømmene til ønsker og ønskene til vilje?

En dag sa Gud: «Bli lys!» Og det ble lys.

Kanskje det som stenger deg ute fra et bedre liv er udrømte drømmer.

Hvis du aldri har en drøm, vil du heller aldri oppleve at en drøm går i oppfyllelse.

Vær nøktern. Drøm!

Minneord om Lisbet Vik

Det var ei trist melding vi mottok 20.mai om at Lisbet Vik var gått bort, 71 år gamal.

Ho hadde børe på ein alvorlig sjukdom i lang tid, men ho var aktiv som vanleg heilt til siste månaden . Ho ynskte å leve fullt ut så lenge ho kunne.

Lisbet var medlem av soknerådet i perioden 2015-2019 og hadde også ansvar for Kyrkjebladet.

Ho hadde mange års erfaring frå arbeid med bladet Jomsvikingen og vi såg fort at ho hadde det rette blikket for kva som viktig å få med i Kyrkjebladet. Kvalitet skulle det vera både når det gjald innhald og utsjånad. Ho var bevisst på at dei som gjorde ein innsats for kyrkja og kyrkjelivet skulle omtalast eller heidrast, stort eller smått var like bra. Det var viktig å støtte det som gikk føre seg av konsertar og ulike aktivitetar i samband med kyrkja og Lisbet var sjølv tilstades med notatblokk og fotoapparat. Lisbet kom til Vestre Slidre som lærarvikar 19 år gamal



og møtte då Sverre Vik som ho gifta seg og fekk tre kjekke barn med. Garden Vik vart deira heim for livet!

Den unge gardkjeriinga og læraren var frå fyrste stund opp-teken av bygda og grenda og tok del i arbeid for trivsel og felleskap. Ho hadde ein iver og eit engasjement som verka smittande på omgjevnadane og fekk god kontakt med dei ho møtte.

Gjennom lærarjobben vart ho kjend med mange barn og unge i kommunen, og ho synte kvar enkelt ei levande interesse og merksemd. Ho var ein god og omtykt lærar!

Lisbet sa oftast ja når det trengdest hjelp til verv og opp-gåver i lag og foreiningar og vart i 2011 heidra med Positivprisen for sin frivillige innsats i Vestre Slidre.

Positiv, interessert og engasjert var ho i møte med alle, små og store, unge og eldre og eit menneske svært mange var glad i

og vil sakne! Våre varme tankar går fyrst og fremst til hennar familie og nære. Vi heidrar Lisbet Vik sitt vakre minne!



Utsikt frå Vikbakkinn ved Vik. Foto: Lisbet Vik.

Ny medarbeidar på kyrkjekontoret – *Geir Kongslien*

Kyrkjekontoret tilsette i vår ein mann i stillinga som trustopplærar og kontorfullmektig etter at Heidi Begsbakken slutta. Kyrkjebladet tek ein prat med vår nye medarbeidar for å bli betre kjent med han.

Gardbrukar og politkar

Geir Kongslien er 47 år og kjem frå Nedre Skjefte i Høre, rett over grensa til Vang. Han har kone og tre bonusbarn på 13, 15 og 23 år. Dette fortel han med varme i stemma. Han har drive som bonde sidan 2005 og har 12 mjølkekyr på båsen og kring 50 sauer av typen gamalnorsk spelsau. Han pratar ivrig vidare om aktiv støling på Fjellsendin om sumarane og om jakting med elghunden sin på fritida. Vi undrar oss litt på dette med «fritid» når Geir seier at han sit i si tredje periode i Vang kommunestyre for Senterpartiet.

Miljøarbeidar

Dei siste 25 åra har han også jobba som miljøarbeidar og assistent i Vang, i miljøtenesta og på Vangsheimen. Dette var ein givande periode, men samstundes kunne arbeidet vera krevande og tungt på fleire måtar. Når vi ser denne røslege, trygge og venlege karen framfor oss, tenker vi at han må vera godt skikka til å ta seg av folk som treng hjelp og assistanse.

Songar og klokkar

Vi forstår snart at Geir er ein allsidig person.

Song er ein sær s viktig del av livet hans og han får ofte spørsmål om å synge ved konsertar og i kyrkjelege samanhengar. Han er baryton i Høre mannskor og vart tildelt deira 30-års medalje for ei tid tilbake. Ikkje verst for ein 47 åring. Sidan 2012 har han dessutan vore klokkar i Høre kyrkje.

Såleis er Geir nær knytt til kyrkja og med si mangsidige erfaring godt rusta til å ta fatt på jobben på Kyrkjekontoret.

Arbeidet i Vestre Slidre

Då det vart utlyst stilling ved Kyrkjekontoret her i kommunen, var Geir snar til å søke. Han tenkte dette var noko som passa for han.

Hittil har det vorte mykje tid inne på kontoret i Slidre for å setja seg inn i oppgåvene: alt frå postregistrering til brannvern, dokument og attestar ved barnedåp, bryllaup og gravferder, haustens kyrkjeval og anna. Når det gjeld trustopplæring fortel han kor artig det var å bli invitert til barnehagane før påske, då som heilt ny i jobben. I tillegg nevner han arrangement som Tweencamp, Tårnagentane og Lys vaken.

Innhaldet i stillinga må formast etter kvart og vil nok bli farga av Geir sine kvalitetar , kunnskap og erfaring.

Ikkje minst vil han bruke sang og musikk som kommunikasjon i ulike samanhengar.

Vi er trygge på at han med sitt imøtekomande, blide vesen vil nå fram til små og store han møter i jobben og vi ynskjer lykke til!



Nokon byrjar og nokon sluttar...

Då Are Alund, vår kantor gjennom fleire år, ønskte seg eit års pause, var vi så heldige å få Thomas Vatn Weisser som vikar. Thomas er vakse opp i Vang, og som nyutdanna organist passa det bra med eit års vikariat hos oss før han vil vidare på studier i Trondheim. Med sitt lette og gode humør og store og allsidige musikalitet, har han vore ein flott ressurs for kyrkja i Vestre Slidre. Ein engasjert og likandes kar vi kjem til å sakne! Takk for flott innsats og lykke til med vidare studier Thomas! Vi reknar med å sjå deg att her i Valdres!

Gravsteinar og symbolbruk

Gravsteinen kan gje informasjon om ein person, i det minste om navn, fødsel- og dødsdato på den døde, men ofte finn ein meir. Mange gravsteinar ber symbol med spesielle tydingar som kan indikere den dodes alder, yrke, religion m.m. Ein kan ha lagt merke til at gravminna etter kvart er vortne noko fattigare på symbol no enn før.

Kanskje er det etter kvart vorte gløymt at det finst ein eigen og vakker kristen symbolikk som er direkte knytt til dei døde sin hage?



Vi lever i ei sekularisert tid, der meir nøytrale symbol er tekne i bruk.

Frå gamalt har kyrkjegardane blitt omtala med vakre namn som «Dei dodes hage», «Guds hage» eller «Guds åker». Dette peikar på døden som nyskaping og – fødsel. Apostelen Peter såg på gravene som ein åker, der såkorna for det evige er lagt ned.

I eldre kunst ser ein ofte at sjelene vart framstilte som små, nakne barn. Englefigurar er vanlege på kyrkjegardar over heile den kristne verda, gjerne sett på som vakt eller bodberar mellom Gud og menneskje. Hå oss finn vi ofte engelen i ein liten rund, kvit medaljong øvst på gravsteinen. Det er to typer av desse medaljongane; den eine er kalla «Natten», den andre «Dagen». Båe er opprinneleg laga som relieff i gips av den berømte danske kunstnaren Bertel Thorvaldsen.



«Natten» forestiller dødens engel, send av Herren for å hente sjeler heim til Han. Grava og mørket som høyrer denne verda til – i form av ugla – blir ståande att. Dei attletne augo hjå engelen og barna tyder at døden berre er ein søvn.



«Dagen» peikar direkte mot oppstoda, sigeren og livet. Difor ser vi her eit lite barn med ein brennande oppovervend fakkell, og det himmelske sendebodet, – livets engel – strøyr om seg med roser.

Vi kan vel alle minnast å ha sett bilder av døden i form av ei skjelett med ein ljà eller eit kranium med to krosslagde knoklar under. Dette var eit ynda motiv i barokktida.

Korset er det vanlegaste symbolske merket vi har på kyrkjegardane våre. Uthogde i ulike storleikar er dei eit vitnemål om at dei som kviler her er har høyrd til den

kristne kyrkja, og forkynner ikkje berre om døden men og om livet som skal halde fram.

Ei broten søyle var og eit vanleg symbol før i tida, og vitnar om eit liv som brått tek slutt. Ei broten grein med knoppar kan symbolisere eit barn som har døydd.

Timeglasets presiserer ytterlegare for oss levande om kor kort livet egentleg er: «Tiden sviner, tiden rinner, tiden flyver hastig bort.

Ta deg vare, i din fare, da din time er så kort!»



Sommarfuglen er eit anna symbol som viser døden både som avslutning og framhald. Sjela frigjer seg frå det jordiske og svingar seg fri opp mot Gud. I mytologien møter vi skapnaden Psyche, som tyder både sommarfugl og sjel.

To samanlagde hender kan stå for fleire ting; uttrykk for tru på at vi skal sjåast att, farvel, bøn og for evig liv.

Harpe og basun er i kristen kunst symbol for sakral musikk. Lyra høyrer derimot til profanmusikken.



Den runde forma til krona og kransen viser til det evigvarande.

Ankeret tyder håp. Palmegreina er eit tegn på siger. Eit tre, t.d. ei eik, er livsens tre. Sjølv sagt kan ein og nytte dei vanlege kristne symbola på gravstader og kyrkjegardar.

Dua symboliserer i denne samanhengen her ikkje Ånden, men er eit fredsmærke. Etter bibelsk tradisjon skulle ho vel framleis ha oljebladet med seg når ho er ute i fredsærendet. Kort sagt seier dette gamle symbolet også i dag: «Requiescat in pace – Kvil i fred:»



Gravminne med nisje og statuett finst nok her og, men i Norge har det ikkje vore nokon tradisjon for slike spesielle gravminne. Det ser likevel ut til at det er i ferd med å endre seg. Tida synest å vera moden for å la folk velja noko dei ser som meir personleg.

Spesialdesigna gravminne i t.d. glas og rustfritt stål ser ut til å bli meir vanleg, sjølv om bruken av stein og jern vil vare ved.

OLSOK

– til minne om kong Olav Haraldsson, Olav den heilage, Heilag-Olav, St. Olav eller Helgenkongen (kjært barn har mange namn)

Det er ein dag vi markerer og feirar 29. juli, då han vart drepen under slaget på Stiklestad i året 1030. Alt året etter vart han erklærd som helgen av biskop Grimkjel 3. Det kan verke merkeleg at vi feirar dødsdagen, men for helgenar er det slik at dødsdagen er inngangen til det nye og betre livet.

Dei mumifiserde levningane hans vart lagt i St. Olavsskrinet frå omkring 1090. Dette vart ein viktig valfartsstad fram til reformasjonen.

Dyrkinga av St. Olav breidde seg raskt over heile Nord-Europa, og det vart bygd St. Olavskyrkjer ikkje berre i Norden, men og i større byar som t.d. Novgorod, London og York.

Olavsarven kallar vi veknaden av undergjerningane som fylgde etter at han leid martyrdøden. Framveksten av Olavkunst; bilete, merkje og symbol, pilgrimstradisjonar og olsokfeiring kom som eit resultat av det som hende på Stiklestad og helgenkåringa i Trondheim.

I tillegg til Maria var St. Olav den mest avbildta helgen i nordisk middelalderkunst, i både måleri og skulptur, der han oftast er vorten framstilt ståande eller sitjande med eit udyr under føtene – eit symbol på dei mørke maktene han vann over – både utanfor og inni seg sjølv.

I middelalderen var olsok – eller olavsvaka – den viktigaste kyrkjefesten i Noreg. Under reformasjonen vart helgenane mindre viktige, men olsok vart framleis halden som ein festdag.

Sidan 1930 har olsok vore offisiell flaggdag. På primstaven har olsok nesten alltid ei øks som merke.



St. Olav framstilt sitjande med eit udyr under føtene – eit symbol på dei mørke maktene han vann over – både utanfor og inni seg sjølv.



Slaget på Stiklestad 29. juli 1030.



Olsokfeiring i Lomen stavkyrkje

Måndag 29. juli var det igjen Olsokmesse i Lomen stavkyrkje. Vergudane var på vår side, og oppmøtet var svært bra. I forkant av messa kunne ein få kjøpt deilig rømme-graut, kringle og kaffe/saft av Lomen sokneråd i hagen i nabohuset. I huset var det utstilling og sal av dei flotte bileta etter bygdas kjære kunstnar Gro Bjørhei, som diverre gjekk bort i fjor haust. No har bror hennar med familie, som bur i Asker, overteke huset. Dei ynskjer å bruke det som feriestad.

Det andre huset like ved Bjørhei sitt hus er no under restaurering. Det er eit freda hus, og med støtte frå riksantikvaren skal det no få eit løft og bli «friskmeldt». Det er flott å sjå at desse gamle husa blir teke vare på – det er uendeleg vakkert her oppe ved stavkyrkja!



Vikarprest Per Arne Faye og Klokkar Magnhild Skjel.



Margit og Mona frå Lomen sokneråd sto for sal av graut og kaffemat.



Nær 60 stk hadde funne vegen inn i kyrkja for gudsteneste denne kvelden.



Omvising i Lomen stavkyrkje

I sommar har Rolf Niemeyer heimeverande i Tyskland vore guide hos oss. Rolf er gift med Gudrun som er guide for 2.året i Øye stavkyrkje. Ekteparet har feriert i Valdres sidan 1986. Rolf kjenner derfor området godt og pratar svært bra norsk. Mange ønsker seg tysktalende guide. Rolf kan fortelje om godt besøk i sommar, og han har trivest i jobben. Han har vore oppteke av å få folk inn i kyrkja, og når vi er der ser vi ein engasjert guide som dei besøkjande tydeleg er nøgde med!



Omvising i Slidredomen

Slidredomen har vore open for besøkjande onsdager og laurdager frå jonsok til midten av august i år også. Det er tolv frivillige pensjonistar som har teke på seg å vera kyrkjevakter. Borgny Lyster fortel at det er er både interessant og givande å få vise fram den vakre kyrkja til dei som kjem innom, svare på spørsmål og lytte og lære av deira innspel. Iblant fell det og naturleg å fortelje og informere om fleire ting i bygdå vår til folk som er interesserte. Ho oppfordrar fleire til å melde seg som frivillige kyrkjevakter neste sommar!



Tween Camp

Årets Tween Camp blei som vanleg halde i Prestegarden hos Ola og Cecilie, nestsiste helga i juni. 19 glade born møtte forventningsfulle opp – og i løpet av helga såg det ut som dei hadde mange flotte opplevingar. Dei er heldige borna i Vestre Slidre som har eit slikt tilbod – det er raust å opne opp heimen og hagen slik som presteparet gjer. «Vi hadde ynskt at fleire blei med sjølvsgt, men det er ei travel tid og mykje anna som skjer», seier Ola Døhl. «Dei som er med, får eit flott oppleving dei vil hugse i lang tid, og vi som bur her er svært takksame for at vi får gjere dette for desse flotte borna», seier Ola.

I løpet av helga er det pilgrimsferd, diverse aktivitetar, kveldsmesse i Slidredomen, grillfest mm, og sjølvsgt mykje

musikk og bevegelse! Hildegunn Feset, som har laga musikken og dansen som blir brukt, var også i år til stades heile helga og var med å gje borna masse flotte opplevingar.


Søndag kl 12 var det utegudsteneste i lavvoen i prestegarden. Tweencamparane bidro med dans til musikk. Alle 1.klassingar var spesielt inviterte, og dei som møtte fekk ei flott t-skjorte med påskrift «1.klasses». Ballongar med bøner frå tweencamparane var også i år eit flott syn. Sokneråda stod for kyrkjekaffe etter gudstenesta, og så var det å pakke seg heim. Det var nok mange, både vaksne og born, som kjende det var godt med ei god natt søvn! Takk nok ei gong for at de opnar heimen for borna våre, Cecilie og Ola!






A) Sjå på bildet og fargelegg det

Er dette frå ein ferietur eller eit tema frå Bibelen?
Kva trur du?



B) Ord for bilde.

I dei vassbeine rutene skal du skrive ned navnet på tingen du finn på venstre side. Når du har gjort det, kjem det fram eit loddbeint ord der du ser pila står. Det ordet er løysinga på oppgåva.



C) Er du eit juniorgeni? Svar på spørsmåla og finn ut!

1. Kva tittel har overhovudet for den katolske kyrkja?
2. Kva heiter reidskapen ein sler ballen med i tennis?
3. Kva heiter den einaste jenta til Kronprins Haakon og Kronprinsesse Mette Marit?
4. Kva er ei ukulele?

Vennekontaktar!

Vi treng fleire vennekontaktar i kommunen, og no oppfordrar sokneråda deg til å bli med. Som vennekontakt kan du besøke nokon, berre drikke kaffe og prate, gå ein tur i lag eller finne på noko anna hyggeleg. Å vere saman med andre er både verdifullt og gjevande. Vi treng vennekontaktar i alle aldrar og med ulike interesser – og ventar på å høyre frå deg. Ta kontakt med Veslemøy Kvamme på kyrkjekontoret tlf. 61345095 – e-postadr. vk766@kyrkja.no

- SVAR**
- A. Adam og Eva – Syndefallet – I Edens hage
 B. Fotballkamp
 C. 1) Fave
 2) Racket
 3) Ingrid Alexandra
 4) Eit strengeinstrument

Kirkevalget 8.–9. september 2019

Fakta om Kirkevalget:

8. og 9. september 2019 avholdes Kirkevalget i alle de 163 menighetene i Hamar bispedømme på samme tid og sted som Kommunestyre- og fylkestingsvalget.

På landsbasis er det ca. 3,1 millioner nordmenn som har rett til å stemme ved Kirkevalget 2019.

For å stemme ved valget, må du være medlem i Den norske kirke og minst være 15 år, dvs. fylle 15 år i løpet av valgåret.

Ved menighetsrådsvalget i Hamar bispedømme stemte 19,7 % av velgerne ved menighetsrådsvalget. 17,5 % stemte på bispedømmerådsvalget.

Kirkevalget er to valg; du velger kandidater både til menighetsrådet der du bor og til bispedømmerådet.

Medlemmene av bispedømmerådet er også medlemmer av Kirkemøtet, det øverste representative organet i Den norske kirke.

I Hamar bispedømme skal det velges nye menighetsråd i alle 163 sokn, samt 7 leke representanter, én prest og én kirkelig tilsatt til Hamar bispedømmeråd/Kirkemøte.

På landsbasis skal det velges omtrent 7000 rådsmedlemmer i Kirkevalget 2019.

I valg til Kirkemøtet og bispedømmerådet i Hamar bispedømme er det 3 ulike kandidatlistene; Bønnelista, Nominasjonskomiteens liste og Åpen folkekirkes liste, med tilsammen 39 kandidater.

Tall på valgdeltakelse fra soknene i Kirkevalget 2015 finner du her:

<https://kirken.no/nb-NO/om-kirken/aktuelt/rekordvalg-i-kirken/>

KANDIDATER SOKNERÅDSVALG

RØN SOKNERÅD

Stein Ivar Sørensen, 1969

Johanna Fuglesteg, 1956

Knut Lagrud, 1966

Marianne Tuvmarken, 1970

Gjermund Myrvang, 1958

Ingunn Randi Snortheimsmoen, 1969

Odd Bækkeli, 1961

Jorunn Sletten Einang, 1970

Jan Erik Lisjordet, 1977

Gunvor Hambro, 1966

Erik Røn, 1976

Det skal veljast 6 medlemmer og 5 varamedlemmer.

LOMEN SOKNERÅD

Torunn Kjøs, 1964

Gunnhild Elverum, 1967

Steinar Dokkehaugen, 1977

Marit Kårstad, 1965

Per Olav Eide, 1948

Line Neståker Aastad, 1994

Camilla Storhaug, 1991

Elin Berget Håkerud, 1974

Linn Hovi Viken, 1981

Gjermund Haugen, 1971

Kai Arne Kvale, 1981

Anne Synnøve Grøndahl, 1966

Trygve Riste, 1972

Gullik Stee, 1950

Det skal veljast 6 medlemmer og 5 varamedlemmer.

SLIDRE SOKNERÅD

Kai Ole Ødegård, 1970

Anne Karin Rud Truberg, 1965

Steinar Kvåle, 1970

Toril Karin Olvik, 1961

Ivar Haugrud, 1960

Øyvind Tomas Nesja, 1953

Synnøve Før, 1989

Robert Pedersen, 1966

Ellen Stokkehaugen, 1974

Aslag Hamre, 1956

Liv Berge, 1945

Det skal veljast 6 medlemmer og 5 varamedlemmer.

Forhandsval

Det er mogleg å forhandsstemme på kyrkjekontoret i Slidre måndagar og tysdagar frå kl. 9.30–14.30 i perioda 10. august til 3. september.

Tid og stad for kyrkjevalet 8. og 9. september:

Alle 3 sokna stemmer i Kulturhuset i Slidre

SØNDAG kl. 13.00–18.00

MÅNDAG kl. 10.00–18.00

Historisk med tre lister i Kirkevalget 2019

Ved årets Kirkevalg er det 3 lister til valg av leke medlemmer til bispedømmeråd/Kirkemøtet – Bønnelista, Nominasjonskomiteens liste og liste fra Åpen folkekirke.

– Dette betyr at det ved dette kirkevalget blir et reelt valg, sier biskop Solveig Fiske. Nå er det viktig at kirke-medlemmene stemmer på de kandidatene de mener best



kan være med å legge føringer for arbeidet i kirka de neste fire årene, både regionalt i bispedømmet og nasjonalt gjennom Kirkemøtet. Kirkemøtet består jo nettopp av de som velges inn som bispedømmerådsmedlemmer i bispedømmene. Så til deg som leser dette, bruk stemmeretten din!

Listene ser slik ut:

Bønnelista

Bønnelista vil videreføre den bibelske tro og tradisjon som Den norske kirke har vært tuftet på siden reformasjonen. Alle avgjørelser i kirken må være i tråd med Bibel og bekjennelse – kirkens grunnlag. Den norske kirke skal være en del av Guds synlige kirke på jord. Vi ønsker en fornyet kirke med medlemmer som har Jesus som Herre og som søker Gud i bønn og tilbedelse. Vi ønsker en ledelse som er ledet av Guds hellige Ånd og som oppmuntrer alle til å tjene Gud på forskjellig vis. Vi ønsker selvstyre i de lokale menighetene, hvor medlemmene i menighetsrådene blir kurset i hva det vil si å være en disippel, drive menighetsplanting og bygge menighet. Bli kjent med kandidatene på www.bonnelista.no

1. Trond Rønning, Elverum (1965)
2. Kari Espås Drogseth, Snertingdal (1956)
3. Hilde Karin Moe, Jevnaker (1964)
4. Filip Hovland, Hunndalen (2000)
5. Vidar Haugen, Åsnes Finnskog (1955)
6. Karin Helga Brustuen, Øyer (1953)
7. Hallvard Vatnar Olsen, Arneberg (2001)

Nominasjonskomiteens liste

Nominasjonskomiteens liste er utarbeidet av en representant fra hvert av Hamar bispedømmes ti prostier og en fra bispedømmets ungdomsråd. Prostirepresentantene velges blant prostiets menigheter, og utgjør således en bred

og demokratisk representasjon fra grasrota. Vi har lagt vekt på å få stor geografisk bredde blant kandidatene. Kun et prosti er ikke representert blant de 14 kandidatene på lista. Kravet om minst 40% av hvert kjønn er dekket til fulle, faktisk 50:50. Med tre unge under 30 år ligger vi godt innenfor kravet om minst 20% dekning. Når vi ser på bredden av kandidater er det god variasjon i yrkesbakgrunn, politisk og organisasjonsmessig erfaring. De aller fleste har også en bred kirkelig bakgrunn i form av verv og/eller frivillig arbeid. Vi har gitt plass også for noen som ikke har all verdens kirkelig erfaring, men likevel har klare synspunkter på hva de mener er viktig for kirkas fremtid. Siden Kirkemøte 2016 vedtok å likestille ekteskapet mellom mann og kvinne og likekjønnede, har dette ikke vært et fremtredende tema nå. Vi har gått et steg videre ved å utfordre kandidatene på kirkas arbeid med likestilling og likeverd på ulike områder. Lista er i prioritert rekkefølge. Det betyr at vi mener de som står øverst vil inneha de beste forutsetninger for å kunne utgjøre Hamar bispedømmeråds sju leke medlemmer, samt bidra aktivt og konstruktivt på Kirkemøtet. Så vil valget avgjøre rekkefølgen. Kumulering har ikke vært tillatt for vår liste.

1. Inger Kragh Nyhus, Kapp, Toten (1961)
2. Trond Enemo, Stange (1975)
3. Iselin Vistekleiven, Vågå (1983)
4. Bjørn Tore Grutle, Tynset (1958)
5. Elin Gravdal Øvrebotten, Jaren (1957)
6. Solveig Brekke Skard, Brumunddal (1951)
7. Per Anders Håvelsrud, Dovre (1998)
8. Reidar Åsgård, Engerdal (1943)
9. Sidsel Offergaard Jevne, Ryfoss (1950)
10. Toril Kristiansen, Gjøvik (1961)
11. Gunder Nordgården, Gausdal (1996)
12. Alf Bjørge N. Aschim, Hamar (1971)
13. Amalie Myrvang Lund, Engerdal (1994)
14. Torstein Lerhol, Vang i Valdres (1986)

Åpen folkekirkes liste

Vi som står på Åpen folkekirke sin liste vil at Den norske kirke skal videreutvikles som en åpen og demokratisk folkekirke. Videre vil vi arbeide for en kirke som er åpen for alle, som fremmer menneskeverdet og som motarbeider diskriminering. Les mer om valgprogrammet for Åpen folkekirke på: <https://apenfolkekirke.org/2019/02/valgprogram-2020-2023/>

Åpen folkekirke i Hamar bispedømme vil forsvare kirkens vedtak om at likekjønnede par kan gifte seg i kirka. Åpen folkekirke tror at flertallet av kirkens medlemmer i Hamar bispedømme fortsatt ønsker en raus kirke, med varme og omsorg for menneskene. Vi ønsker å styrke kirkedemokratiet og løfte fram menneskers verd. Vi slutter oss til Hamar bispedømmes visjon for folkekirka: «Hellige rom – for alminnelige liv». Vi vil arbeide for at den kjærlighet Jesus står for, skal nå fram til og berøre forskjell-

lige, alminnelige liv. Vi ønsker en folkekirke som er en bred møteplass, med betydning for mennesker i alle livsfaser. Kirka skal være en viktig kulturbærer og verdistemme i samfunnet. Vi som står på Åpen folkekirkes liste er forskjellige mennesker, i forskjellige faser og med forskjellige erfaringer. Men vi står sammen om Åpen folkekirkes program.

1. Gunhild Tomter Alstad, Hamar (1974)
2. Finn Ragnvald Huseby, Elverum (1949)
3. Lisbeth Sydbøge, Gjøvik (1969)
4. Lars Erik Flatø, Brandbu (1964)
5. Kristin Storbråten Stadsvold, Dokka (1995)
6. Marta Bjørnøy Lalim, Vang i Valdres (1986)
7. Ivar Bae, Brumunddal (1956)
8. Frøydis Angard Ulateig, Lillehammer (1971)
9. Njål Slettemark Føsker, Nord-Odal (1969)
10. Borgny Skansen Sletten, Vinstra (1974)
11. Trond Gellein Løkken, Tolga (1974)
12. Christin Caroline Munkebye Aarnes, Lesja (1961)
13. Sander Vestby, Hov i Land (2001)
14. Kjersti Drtina Øversveen, Elverum (1965)
15. Håkon Gulliksen Furuset Karlstad, Skreia (1999)
16. Hege Bjerkestrand Midthun, Elverum (1972)
17. Lars Erik Hyllvang, Engerdal (1968)
18. Ole Midthun, Hamar (1995)

Stemmetillegg

Listestillerne til Bønnegruppa og Åpen folkekirke har gitt stemmetillegg til sine to øverste kandidater (Navn med uthevet skrift). Det betyr at disse gis et stemmetillegg i sitt personlige stemmetall på 25 % av det antall stemmesedler listen mottar ved valget. For nominasjonskomiteens liste er det ikke anledning til å gi slikt stemmetillegg.

Presentasjon av lister og kandidater

Alle kandidater blir etterhvert presentert på [\[valget.no\]\(http://valget.no\) og \[www.kirken.no/hamar\]\(http://www.kirken.no/hamar\), med bilde, navn og personalia. De leke kandidatenes syn på kirkeaktuelle spørsmål blir presentert av den enkelte liste.](http://www.kirke-</p>
</div>
<div data-bbox=)

Lister til valg av prest og lek kirkelig ansatt i bispedømmerådet/Kirkemøtet

I egne valg i perioden fra 15. juni til 9. september skal prestene velge en prest som medlem i bispedømmerådet. De kirkelig ansatte i bispedømmet skal også velge sin representant til rådet i samme periode.

Alle listene ble godkjent av valgrådet i Hamar bispedømme 6. mai 2019.

Hva er «leke» medlemmer?

«Leke medlemmer» i denne sammenhengen er alle som er medlemmer i Den norske kirke, og som ikke er ansatt som prest eller i annen kirkelig stilling i bispedømmet i stillingsstørrelse over 15 timer.

Flertallsvalg: Ved valg av menighetsråd er det flertallsvalg, valgformen som brukes når det er én liste. De kandidatene som får flest personlige stemmer, velges.

Forholdstallsvalg: Når det er flere lister, slik som ved valg til bispedømmerådet, er det forholdstallsvalg. Listene får et antall representanter etter hvor mange som har stemt på listen. De kandidatene som får flest personlige stemmer på hver liste blir listenes representanter. For *Nominasjonskomitéens liste* er det satt en sperregrense for personlig stemmetall.

Sperregrense for personlig stemmetall: Velgere kan sette kryss ved navnet til en kandidat på listen. For nominasjonskomiteens liste må *minst fem prosent* av de som har stemt på listen, ha satt kryss ved samme person for at det skal få konsekvens for rekkefølgen på listen.

Tillykke / Gratulasjonstelegram

kan du kjøpe hos:

- Lomen:** Lomen Auto, Joker Ryfoss, soknerådsmedlemmar
Slidre: Coop Slidre
Røn: Lena Maskin og Kiwi Røn

Overskotet av salet går til trusopplæringa (kristent arbeid blant barn) i prestegjeldet.

Kondolansetelegram

kan du kjøpe hos:

- Lomen:** Lomen Auto, Joker Ryfoss, soknerådsmedlemmar
Slidre: Coop Slidre
Røn: Lena maskin, Kiwi Røn

Overskotet av salet går til soknerådsarbeidet i kvart sokn i Vestre Slidre.

Stiftinga Torgeir Før's minne

Stiftinga Torgeir Før's minne deler ut midlar til personar som tek kristen utdanning og til ungdom som deltek på kristne leirar eller kurs. Friviljuge lag og organisasjonar som driv kristent arbeid for born og ungdom kan også søkja. Søkjarane må vere frå Vang eller Vestre Slidre. Søknad kan sendast til: Torgeir Før's minne, Ellestadvegen 34, 2967 Lomen eller e-post: torgeir-forsminne@yahoo.no

VIPPS

Hugs at vi har VIPPS! Om du ikkje har med kontantar på ei gudsteneste og ynskjer å gje kollekt, kan du Vippse oss!

VIPPS-nr.: Slidre sokn 109786,
 Røn sokn 105863,
 Lomen sokn 137884.

KYRKJELEGE HANDLINGAR

April – Juli 2019

Døypte:

Slidre Sokn:	4. mai	Jannike Einang
	9. juni	Felix Hamre-Hagen
Røn sokn:	10. juni	Ulrik Rødningen Johnsen
	16. juni	Nora Fjørstad Røn
Lomen sokn:	21. juli	Mille Nybråten

Vigde:

Slidre sokn:	4. mai	Anette Grav og Kenneth Einang
	13. juli	Lovise Kristine Dokken og Ola Dokken
	20. juli	Thea Jørgine Jarstadmarken og Tom Sørli
	20. juli	Marte Skattebo og Arne Leite
	3. august	Ragnhild Bonlid og Ola Magne Tvenge
Røn sokn:	8. juni	Anina Johanne Nikolaisen og Andreas Sæterstad

Gravferdshandling:

Slidre Sokn:	2. april	Kjellaug Kvale	f. 1950
	9. april	Tonette Lien	f. 1939
	10. mai	Ola Sandhaugo	f. 1947
	28. mai	Lisbet Vik	f. 1947
	4. juni	Jorunn Bråten Tvenge	f. 1951
	12. juni	Kirsti Marit Jorde	f. 1946
	14. juni	Endre Johme	f. 1939
	5. juli	Ellen Alvilde Rud	f. 1926
Røn Sokn:	26. april	Anna Ødegård	f. 1980
	3. mai	Torill Skogsrud Nilsen	f. 1939
	14. mai	Margit Moen	f. 1929
	25. juni	Ola K Snorheim	f. 1939
Lomen Sokn:	18. juni	Nils Hålien	f. 1925

Obs! Ved ein feil blei namnet på avdøydde *John Hovi* skrive feil. John Hovi var jordfesta i Lomen kyrkje 2. januar. Vi beklagar feilen!

Kyrkja vil takke for pengegåva, sum 4950,-, som blei gitt oss i gåve ved Nils Hålien si gravferd. Dei vil bli brukt til to ekstra tau til bruk ved gravferd, etter avdøydde sitt ynskje. Blir det pengar att vil dei bli brukt til borne-og ungdomsarbeidd i kyrkja.

Gåver til kyrkjebladet 2019

Sidan forrige nummer der vi la fram reknskap for 2018, som viste stort driftsunderskot, og la ved ein giro, har responsen frå dykk lesare vore stor!! Vi takkar so mykje for givervilja – no ser alt mykje lysare ut!! Takk til kvar og ein av dykkar-alle bidrag varmar stort! Sjå den lange giverlista frå januar til juli:

Inger Bunde, Knut Oddvar Berglid, Anne Marit og Leif Tvenge, Ruth Marie Røn, Kari og Alf Edvin Rye, Marit og Olle Rosendal, Aslag Hamre, Annie og Endre Stee, Lisbet Vik, Johan T Stormyren, Ingrid og Birger Wangensten, Laila og Kåre Hegge, Solveig og Ivar Hamre, Astrid og Arne Øygard, Astrid Olga Bråten, Ester og Endre Johme, Kari og Egil Rogn, Berit Garvik, Trine og Odd Kolbjørnshus, Anne Kari og Per Kristian Tvenge, Olav Haugli, Marit Riste, Gunnar Breivik, Tove og Jan M Hambro, Ingrid og Jon Hjelle, Ellen og Ola Fosheim, Ruth og Odd Steinar

Kirkeengen, Marit Kaata, Ingeborg og Ole S Skaran, Marit Trøen Tvenge, Margit Solveig Nyhagen, Torstein Bunde Loe, Leiv Hamre, Kari Synnøve og Steinar Moe Neveland, Anne Bråten Tvenge, Andrea og Harald Lome, Anna Kristine Hodne, Gerd og Olav Birger Ødegård, Grethe og Eivind Gunnar Myhre, Astrid og Nils Anmarkrud, Marit Skrindsrud, Gerd Annie Voje, Ragnhild og Ingar Myrheim, Arne Hamre, Liv Aarhus, Eli-Janne og Per Einang, Leif Bergheim, Helge Leirhol, Are og Hilde Nybråten Berg, Jorunn og Ola Einang, Kari og Knut Lome, Kristin og Olav Riste, Turid og Ola Berge, Lilibeth og Ole Fylken Olsen, Minda Horge, Nils O Rogn, Elisabeth Lundemoen, Anne Holden, Synnøve Bråten, Inger og Endre Bunde, Ingebjørg og Ole Høyne, Anne Marie Nordsveen, Sigrid Strømmen, Kjellaug Trøen, Elisabeth og Eivind Myhre, Lisa og Nils Einar Ormestad, Else og Sigrid Skåren, Bjørg Berg, Jorunn og Bjarne Lome, Anne Berit Strømmen Strand, Aud og Sigmund Lisjordet, Egil Snortheimsmoen, Britt Ribbing Wikerholmen, Anne Grethe og Ola Magne Solberg, Anne Marit

MESSELISTE

Dato	Dag	Tid	Stad	Prest
AUGUST				
25.08	11. s. i treeenighetstiden	11.00	Slidredomen 50-årskonfirmanter	Sokneprest Ola Døhl
SEPTEMBER				
01.09	12. s. i treeenighetstiden	11.00	Kvitsyn	Sokneprest Ola Døhl
08.09	13. s. i treeenighetstiden	FRIHELG		
15.09	Vingårdssøndagen / Høsttakkefest	11.00	Lomen Utdeling av 6-årsbok	Sokneprest Ola Døhl
22.09	15. s. i treeenighetstiden	11.00	Presentasjonsgudst.	Sokneprest Ola Døhl
29.09		FRIHELG		
OKTOBER				
06.10	17. s. i treeenighetstiden	11.00	Slidredomen	Sokneprest Ola Døhl
13.10	18. s. i treeenighetstiden	11.00	Lomen	Sokneprest Ola Døhl
20.10	19. s. i treeenighetstiden	11.00	Slidredomen	Sokneprest Ola Døhl
27.10	Bots- og bønnedag	11.00	Øyjar	Sokneprest Ola Døhl
NOVEMBER				
03.11	Allehelgensdag	11.00	Slidredomen	Sokneprest Ola Døhl
10.11		FRIHELG		
17.11	23. s. i treeenighetstiden	19.30	Lomen	Sokneprest Ola Døhl
24.11	Domssøndag/Kristi kongedag	11.00	Røn Søndagsskolens dag / utdeling av 4-års bok	Sokneprest Ola Døhl
DESEMBER				
01.12	1. s. i advent	FRIHELG		
08.12	2. s. i advent	19.30	Slidredomen / Taizé	Sokneprest Ola Døhl
15.12	3. s. i advent	11.00		Sokneprest Ola Døhl
20.12	Skolegudsteneste	09.00	Slidredomen	Sokneprest Ola Døhl
20.12	Skolegudsteneste	10.00	Slidredomen	Sokneprest Ola Døhl
22.12	4. s. i advent	INGEN MESSE		
24.12	Julaften	12.30	Slidreøya	Sokneprest Ola Døhl
24.12	Julaften	14.00	Lomen	Sokneprest Ola Døhl
24.12	Julaften	15.00	Slidredomen	Sokneprest Ola Døhl
24.12	Julaften	16.00	Røn	Sokneprest Ola Døhl
25.12	1. Juledag	11.00	Slidredomen	Sokneprest Ola Døhl
26.12	2. Juledag	11.00	Sjukeheimen	Sokneprest Ola Døhl
29.12	Romjuls søndag	FRIHELG		

Vi tek atterhald om endringar. Sjå «Det skjer» i avisa Valdres eller www.facebook.com/Kyrkja-i-Vestre-Slidre.
På kvar messe blir det tatt opp takkoffer. Kven som mottek offeret blir opplyst om på gudstenesta.

Riste, Jorunn Storhaug og Svein M Andersen, Marit og Nils Moen, Dorthe Rudi, Oddbjørn Nygård, Oddrunn og Gunnar Kverneggen, Jon Kvale, Joan og Leif Homme, Kari Robøle, Marit Høyeme Tørstad, Nils Haugrud, Karoline Kirkengen, Borgny Lyster, Kari og Ivar Ringestad, Marie Luise Ljønes, Inger H Kopperud og Olav Røn, Anne Ødegård, Marit E Viste, Gro og Knut Rudi, Aslaug Batalden, Gerd og Erik Bergum, Arne Skogstad, Torgeir Lasskogen, Kari Torlaug Kvåle, Olav Bjørn Øye, Liv og Gullik Skrindsrud, Marianne og Gunnar Hamre, Kirsten Torill Sletten Viste, Gunnar Hauge, Eli Sælid, Olav Magistad, Ola Riste, Kari Johme, Kari Ulvsløkk Røn, Per Olav Ødegård, Rønnaug Trøen, Wenche og Bøye Nyhagen, Helfrid og Kjell Otto Tvenge, Liv og Haldor Ødegård, Randi Reishaugen, Reidar Haugen, Ola Egge, Knut

Fystro, Randi Før, Helga og Olaus Ulven, Anne-Lise Hamre Husby, Anna Helgen Ringen, Anne live og Nils Garvik, Inga Engen, Olav E Kvale, Astrid og Ola Nordli, Kjell Volden, Olaug Volden, Inga Marit Viste m/fam, Astrid Olaug Kvissel, Johannes Haalien, Knut J Tildheim, Håkon Dagfinn Kvale, Andris Tuvmarken, Marit Kvåle, Margit Bratvold, Nils Dokkehaugen, Sverre Jomar Flatmo, Brita Siri Nesja, Ingrid Kristbj Kvissel, Grethe og Andris Stee, Margith Hovengen, Anne Rogndokken, Finn Carlsen, Karin og Åge Kristiansen, Anna og Ola Tande, Signe Finneberg, Ingebjørg og Magne Moe, Oddvar Ola Thon, Anne Sigrid Oldre, Arnlaug og Norodd Windingstad, Randi og Endre Røn, Inger Astrid og Rolf Nordberg, Kari Bratrud, Olav Ivar Viste, Anlaug Solheim, Dorthe Høyeme, Knut Hande.

KYRKJA I VESTRE SLIDRE

Kyrkjekontoret er ope: måndag til torsdag kl. 09.00 – kl. 15.00
Kyrkjekontoret kan vere stengt i denne tida pga. møte, ferie og anna.

TILSETTE – Vestre Slidre kyrkjeleg fellestråd

Namn	Tlf.	Jobb	Mail
Ola Døhl	48132050	Sokneprest	slidrepresten@gmail.com
Veslemøy Kvamme	61345095	Kyrkjevevje	vk766@kyrkja.no
Are Alund	99734175	Kantor	are.alund@gmail.com
Geir Kongslie	61345098	Trusopplærar og Kontorfullmektig	gk662@kyrkja.no
Magnhild Skjel	95821005	Klokkar i Røn, Øyjar og Lomen sokn	
Josue Tchami Ndonko	46902865	Kyrkjetenar i Slidre sokn. Høgmesser/gudstenester	
Safet Vladovic	99221198	Kyrkjetenar i Røn, Øyjar og Lomen sokn	
		Kyrkjetenar i Slidre sokn ved gravferd og vigsel	
		Ringjar i Slidre	
		Reinhaldar i alle sokna	
Jan Ole Bråten	91364677	Ringjar i Slidre	
Nils Einar Ormestad	90178983	Tilsynshavar i Lomen stavkyrkje	

Kyrkjebladet *treng di støtte!*

Kyrkjebladet blir drive på frivillig basis, og vi er avhengige av støtte frå lesarane. 1100 blad blir trykt opp ved kvar utsending. Trykk og utkøyring gjer ein pris på ca 16 kr pr. blad. Annonseinntekter dekker berre ein liten del av denne summen. For å fortsette å lage kyrkjeblad i same omfang og kvalitet treng vi støtte frå dykk! Vi er takksame for alle bidrag. Kontonr vårt er: **2153.07.09296**.



Redaksjonen som har utgitt dette nummeret er:

Elisabeth Robsam Dahl, Sigrun Sørensen, Per Olav Eide,
Randi Irene Horge, Veslemøy Kvamme

Vi vil ynskje dykk ein god og fin haust!



**Byggmester
Haldor Ødegård**



Valdres Motor & Bilskade

Industrivegen 53, 2973 Ryfoss
Mob: 975 25 025

Brødrene Moe DA

Rivingsentreprenør i Røn
Vestsidevegen 897, 2960 Røn
Mob: 911 23 214 – 915 72 674

Takk til annonsørane for støtte til kyrkjebladet!